



RIEBER PROSJEKT AS
Billingstadåsen 18B
1396 BILLINGSTAD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune

Detaljregulering Vågstranda skytebane

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Rieber Prosjekt AS varslar på vegne av Vågstranda skytterlag og Det frivillige Skyttervesen oppstart av planarbeid for detaljreguleringsplan Vågstranda skytebane i Vestnes kommune. Arealet er avsett til idrettsanlegg i kommuneplanens arealdel. Føremålet med planarbeidet er å fastsette arealbruken for eksisterande skytebane med tilhøyrande føresegner, samt å etablere grunnlag for ekspropriasjon av grunnen. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern

Det er myr innanfor planområdet. Ein bekk renn gjennom området. Planomtalen må greie ut om kva for ammunisjon som skal nyttast og om det vil kunne føre til forureining og påverknad på myra og vassdraget. Ein må unngå å gjere inngrep i myra og forstyrre vassbalansen.

Friluftsliv

Planomtalen må synleggjere friluftslivsinteressene i området og korleis dei blir råka av aktiviteten ved skytebana.

Vassdrag

Det renn ein bekk gjennom planområdet. Vi minner om vassressurslova § 11: «*langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr*».

Vatn er livsmiljø for mange organismar, frå plantar og insekt til fugl, fisk og pattedyr. Kantvegetasjon, elvebreidder og flaummark har stor betydning for økosystemet i og langs vassdraget, og kan også bidra til å redusere erosjon og dempe flaum. Breidde på kantvegetasjonen bør avklarast i reguleringsplanen.

Planomtalen må greie ut om eventuell fare for avrenning til vassdraget, og korleis dette kan påverke vassdragsmiljøet. Eventuelle avbøtande tiltak for å hindre avrenning bør omtalast og sikrast i planarbeidet. Konsekvensane av reguleringsplanen skal vurderast opp mot miljømåla i den regionale vassforvaltningsplanen.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

Støy

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, med tilhøyrande rettleiar M-128, skal leggast til grunn for all arealplanlegging og utbygging.

Støytilhøva må avklarast. Det må utarbeidast ein støyrapport med forslag til ev. avbøtande tiltak. Naudsynte støyskjermingstiltak skal takast inn i plankart og føresegner.

Forureining

Metall frå skytevollar kan lekke ut til avrenningsbekkar og andre resipientar. Kuler som blir deponert i fangvoller vil korrodere når det blir utsett for fysiske og kjemiske tilhøve i jorda. Plana må greie ut om det er naudsynt med tiltak som avgrensar risikoen for tungmetallavrenning. Det bør vere eit mål å konstruere fangvoller/kulefangarar som er avrenningsfrie.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi

Vestnes kommune, Rådhuset, 6390 Vestnes
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
NVE vest2, Naustdalsvegen 2b, 6800 Førde



Møre og Romsdal
fylkeskommune

RIEBER PROSJEKT AS
Billingstadåsen 18B
1396 BILLINGSTAD

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	19.10.2021	139773/2021/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	03.12.2021

Vestnes kommune - detaljregulering - privat reguleringsplan for Vågstranda skytebane – fråsegn til oppstart

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld varsel om oppstart av reguleringsplan for Vågstranda skytebane. Formålet med reguleringsplanen er å fastsette arealbruken for skytebaneområdet med tilhøyrande eigna bestemningar, samt å etablere grunnlag for ekspropriasjon av grunnen. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfagleg

Reguleringsplanarbeid for skytebane på Vågstranda er i tråd med gjeldande kommuneplan. Området for skytebane er slik vi forstår allereie etablert og ein regulering har til formål å være i tråd med dagens bruk. Skytebaner kan medføre støyulemper, både for hytte- og bustadområde, samt rekreasjons- og friluftsområde og naturverninteresser. Ein må i stor grad vurdere støyulempenes omfang og gjere effektive støyreducerande tiltak der dette er mogleg. Dette må utgreiast i det vidare planarbeidet. Sjølv om prosjektet ser ut til å vere i samsvar med gjeldande kommuneplan, bør ein kvittere ut forholdet til KU-forskrifta.

Samferdsel

Planområdet er knytt til fylkesvegnettet via kommunal veg, Vikåsvegen.

Det må tas stilling til og vurderast om kryss mellom kommunal veg og fv. 5986 er dimensjonert, drifta og vedlikehalde slik at det vil tole den auka trafikken

reguleringsplanen vil føra med seg. Kryss må vere utforma i samsvar med krav gitt i Statens vegvesen si handbok N100, mellom anna kravet til stoppsikt i kryss. Eventuelle behov for utbetring må stillast som rekkefølgekrav.

Vassforvaltning

Regional vassforvaltningsplan legg føringar for korleis ein skal planlegge for heilskapleg vassforvaltning. For å unngå å forverre miljøtilstanden i vatn og for å bidra til å nå måla i vassforvaltningsplana, er det laga planretningslinjer for arealplanlegging etter pbl og vassforskrifta. Desse retningslinjene er førande for planarbeid etter pbl. Arealendringar og fysiske inngrep i og langs vassdrag og kystområde kan påverke og forringe vassmiljøet. Det er derfor viktig at ein i planlegginga av nye tiltak legg vekt på at endra arealbruk ikkje får negativ verknad på vassmiljøet. Sjå vassportalen for meir info om regional vassforvaltningsplan og planretningslinjer (kap 1.5 s 17):

<https://www.vannportalen.no/vannregioner/more-og-romsdal/plandokumenter/planperiode-2022---2027/>

Universell utforming

Universell utforming er ein strategi for planlegging og utforming av omgjevnader for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle. Verkemidlane er fysiske løysningar som kan brukas av alle. Ved planlegging av idretts- og nærmiljøanlegg er det viktig å tenke gjennom moglegheiter og bruksverdi for ulike brukargrupper. Mange personar med funksjonsnedsetting vil kunne ha stort utbytte av opphald og aktivitetar i eit skyteanlegg.

Vi minner elles om rettleiar om universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg;
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/idrett/publikasjoner/veileder-universell-utforming-enkeltsider.pdf>

KONKLUSJON

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare saksbehandlinga.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Kopi:
Vestnes kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
NVE

Rieber Prosjekt AS
Billingstadåsen 18
1396 BILLINGSTAD

Vår dato: 29.11.2021
Vår ref.: 202116214-2
Deres ref.:

NVEs innspill til varsel om oppstart av reguleringsplan for Vågstranda skytebane i Vestnes kommune

Vi viser til e-post 18.10.2021 og planinitiativ datert 14.09.2021. Saken gjelder varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Vågstranda skytebane i Vestnes kommune. Formålet med planarbeidet er å fastsette arealbruken for skytebaneområdet med tilhørende egnede bestemmelser, samt å etablere grunnlag for ekspropriasjon av grunnen.

Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

NVEs konkrete innspill

Flom og erosjon

Littlelva renner rett gjennom planområdet med myrområde og mindre bekkeløp som drenerer mot elva. Området er vist med mulig flomfare i aktsomhetskartet for flom som er tilgjengelig i [NVE Atlas](#). I arbeidet med Risiko- og sårbarhetsanalysen (ROS) må flom og erosjon vurderes. Generelt gjelder at areal utsatt for flom med 200-års gjentaksintervall vises i plankartet med hensynssone *Flomfare H320* med tilhørende bestemmelser som gir tilstrekkelig sikkerhet før utbygging, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Alternativt kan det etableres byggegrense mot vassdrag som er vurdert å gi sikker avstand i forhold til fare for flom og erosjon. For broer eller kulverter må tilstrekkelig flomkapasitet vurderes.



Vassdragsmiljø

Ifølge vannressursloven (vrl) § 11 skal det langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring opprettholdes et avgrensa naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Bredden på vegetasjonsbeltet kan fastsettes i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr. 6, bør benyttes til å merke vannstrengen med for eksempel underkategorien «Natur og friluftsliv».

Dersom planen medfører inngrep i vassdraget må det i planbeskrivelsen gjøres rede for om det er knyttet allmenne interesser til elva, og eventuelt hvordan inngrepet påvirker de allmenne interessene. Dersom allmenne interesser ikke blir berørt kan inngrepet avgjøres av kommunen alene. Som eksempel på allmenne interesser kan nevnes fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, kultur og landskapshensyn, jordvern, hensyn til flom/isgang og skred mv.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillatt i reguleringsplan ikke trenger særskilt tillatelse etter vrl, jf. § 20 om samordning av tillatelser. En koordinert behandling forutsetter at planen gir en god beskrivelse av tiltaka og at konsekvensene for allmenne interesser er vurdert.

Generelle råd

For å få en fullstendig oversikt over hvordan dere kan ta hensyn til våre tema i reguleringsplanen anbefaler vi dere å bruke våre [internettsider for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og veiledningen lagt opp etter plannivå. Vi vil særlig vise til [Kartbasert veileder for reguleringsplan](#). Veilederen leder dere gjennom alle våre fagområde, og gir dere verktøy og innspill til planarbeidet. Den som utarbeider planen, har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen



Øyvind Leirset
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakerliste:

Rieber Prosjekt AS

Kopimottakerliste:

Møre og Romsdal fylkeskommune

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Vestnes kommune

Berørte av skyteaktivitet på Vågstranda

Rieber Prosjekt S
1396 Billingstad

Vestnes kommune v/planansvarlig Jan Rune Jacobsen
Rådhuset
6390 Vestnes

PROTEST MOT EKSPROPRIASJON AV SKYTEBANE - VESTNES SKYTTERLAG

Vi vil på det sterkeste protestere mot planene om ekspropriasjon til skytebane på Vågstranda.

Planene vil i vesentlig grad redusere bokvaliteten i området i form av støy og dessuten legge store begrensninger på bruken av idrettslagets anlegg med lysløype og turområdet som vi alle er glade i.

Vestnes kommune har en utmerket skytebane i Tresfjord slik at det er helt unødvendig å etablere slik aktivitet på Vågstranda. Tidligere avtale om skytebane på Vågstranda gikk ut i 2009. Den aktivitet som er utøvet den senere tid er ulovlig selvtøkt i strid med grunneiers klare forbud.

Vågstranda torsdag den 16. desember 2021

signatur	eiendom	telefon	epost
Nina T. Herje	196/12	41206086	NATALBERG@ONLINE.NO
insatt Rieber	196/18	47079067	inger.tidrod@hotmail.com
Olav Nyhagen	195/2	91246380	olavnyhagen@online.no
Jørn Waab	195/1	97766922	JWABNAAS13@GMAIL.COM
Nina T. Herje	196/23	91804866	ninataltberg@gmail.com
Hans Olav Herje	196/23	48167240	olavherje@online.no
Ola T. Amundsen	196/19	90601326	OLATALBERG@GMAIL.COM
Leidulf Querstad	195/7	97686416	leidulf-myr@hotmail.com
Rune Hovde Loren	196/10	415265809	
For Tor Rune Talberg	196/1	92291493	post@tortalberg.no
Leidulf Querstad	196/1	92459046	Katrin@tortalberg.no
Katrin Greisdøttir	196/1	92459046	
For Bjørn Norheim	196/17	90982358	norheimbb@gmail.com
Leidulf Querstad	196/17	90982358	
For Kjetil Talberg	196/28	91603142	kjetiltalberg@gmail.com
Leidulf Querstad	196/28	91603142	
Aase Helmersen	196	93429228	aaab-helmere@hotmail.com

Advokatfirmaet
Advokat Steinar Wiik Sørvik

Juridisk utreder og meglerassistent Bjørn Ketil Myrset
E-post:
Telefon

Tollinspektør Flors gate 1

6510 Kristiansund
Tlf: 90133266
E-post: advsws@online.no
Org: 976 071 557

bjorn.ketil@myrset.no
90650122

Rieber Prosjekt S
1396 Billingstad

Vestnes kommune v/planansvarlig Jan Rune Jacobsen
Rådhuset
6390 Vestnes

Vår ref: 22226/BKM

Deres ref:

Dato: 2. desember 2021

REGULERING SKYTEBANE 6 VESTNES SKYTTERLAG - LEIDULF ØVERLAND

Vi viser til udatert, usignert varsel uten avsender om igangsatt reguleringsplanarbeid med bemerkningsfrist til 3.12.2021 som Leidulf Øverland har mottatt.

Øverland er overrasket over dette varselet i og med at ordfører, Geir Inge Lien, nå stortingsrepresentant, i møte mellom grunneierne Øverland, Naas, ordfører Lien, enhetsleder Balstad, samt representanter fra Vestnes og Vågstranda skytterlag, onsdag 14. oktober 2020, sa klart ifra at det var uaktuelt for Vestnes kommune å gå inn for noen omregulering eller ekspropriasjon av arealet, som tidligere var leid av Vågstranda skytterlag. Det samme sa enhetsleder Emil Balstad. Han har i dag bekreftet til Øverland per telefon at dette ble sagt på møtet.

Ordføreren har stilling som kommunens rettslige representant iht. Kommunelovens § 9 nr. 3 og binder kommunen med sin uttalelse.

Øverland mener spørsmålet om regulering dermed er avgjort og regulering kan ikke skje.

Varselet som er sendt ut, er kun mottatt av et fåtall parter, slik at hverken grunneiere eller andre berørte har fått varsel. Uttalefristen må derfor utsettes til alle som berøres har fått varsel og har fått rimelig uttalefrist som bør være til ut i midten av januar.

Varselet med vedlegg er misvisende idet den faktiske situasjonen er ikke korrekt angitt. Vågstranda Skytterlag hadde avtale fram til 2009. De valgte da å ikke forlenge leieavtalen. Etter at avtalen med skytterlaget opphørte, har Øverland inngått avtale om bruk av arealet med idrettslaget. Denne avtalen omfatter bruk av terrenget med turløyper og lysløyper etc. med varighet på 50 år fra 2016. Dette er anlegg som ligger slik til at de krysser området der skytterlaget tidligere hadde leieavtale. Dette umuliggjør etablering av skytebane i dette området.

Senere har skytterlaget ombestemt seg og ønsket å inngå ny leieavtale. Det var da møte og befaring på skytebanen tidligere i år, men det ble ikke inngått noen ny avtale. Skytterlaget har fått skriftlig



beskjed om at de ikke har tillatelse til å bruke arealet. Det har likevel opptrådt rettsstridig og tatt seg til rette på Øverland sin eiendom. Dette er ulovlig og straffbar aktivitet som Øverland vurderer å politianmelde.

Det er nå kjent at Vågstranda skytterlag har slått seg sammen med Vestnes skytterlag etter at de hadde avtale om leie av grunn fram til 2009. Det innebærer en aktivitet av en helt annen størrelse som vil innebære uakseptable ulemper for grunneierne, for idrettslaget og for naboer i form av støy og trafikk.

Det område som berøres av den planlagte aktiviteten er vesentlig større enn det som er skissert og innebærer der med ulemper over et område som er langt større enn det de mottatte dokumenter antyder.

Det er foretatt støymålinger ved Øverland sin bolig som viser at støyen vil være vesentlig høyere enn hva som er tillat for å etablere skytebane.

Den skisserte aktivitet vil ødelegge Ødegård Jaktvald.

Det er skytebane i Tresfjord som ligger vel til rette for Vestnes Skytterlag. Det er ikke lenger unna Vestnes enn Vågstranda og den skytebanen er i drift og har gjeldende avtaler om bruk av grunnen. Der er det vesentlig lenger til boliger og standplass er vinklet gunstig i forhold til støy mot boligbebyggelse.

Med vennlig hilsen

Bjørn Ketil Myrset

Merknad til reguleringsplan av Vågstranda skytebane

Som eier av gard nr. 195/2 stiller jeg meg kritisk til planene om ekspropriering av grunnen og utvidelse av skytebanen

Jeg vil med dette bli berørt på flere felt:

-Forslaget omfatter vegen som passerer Vikåsveien 137, der jeg eier halve veien (se vedlagt makeskifte)

-Jakt og beiterett som er i nedslagsfeltet til skytebanen

.Innkjørsel fra Kommunevei til driftsbygning og gårdsverksted

-Sti til seter via skytebane

Økt ferdsel vil føre til mere vedlikehold på veien forbi Vikåsveien 137

Økt aktivitet på skytebanen vil ha en sterk påvirkning av jakten til Ødegård (Gardsnr 195) som er skilt ut som egen andel av Nedre Reistad vald, her er så godt som hele jaktterrenget i skytebanen/ sikkerhetszone til skytebane

Skyting på banen avgrensner bruken av sti via klevet, som blir brukt som tilkomst til setra, og har tidligere blitt brukt som eneste godkjent tilkomst til beite for dyr på bruket

Det var i fra skytebanen ble stiftet en avtale om at skyting skulle foregå på dager i henhold til terminliste som skulle foreligge hos politiet, noe som kunne gjøre det forutsigbart om når man kunne passere skytebanen

Denne har blitt neglisjert av skytterlaget, og ført til uoverensstemmelser tidligere, jeg har bedt om å få vite når de skulle skyte, slik at jeg kunne vite når jeg var trygg på hjorte-post (dette ble avist), jeg foreslo da at jeg kunne få vite når de ikke skulle skyte, så skulle jeg forholde meg til det, dette ble også avist, da de mente at de måtte kunne komme og gå når det passet dem, bare de heiste flagget 0,5 timer før de startet skytingen

Når man sitter på post, eller for den sags skuld kommer ned på stien, så ser man ikke flagget før man står bak blinkene på 300m

Jeg ønsker derfor ikke noe øket aktivitet ved Vågstranda skytebane

Vågstranda 30,11,2021

Ole Kåre Nyhagen

Merknad til reguleringsplanarbeid Vågstranda Skytebane

Som eiger av hytte 196/17 liggande nedanfor skytebanen og inntil vegen opp til skytebanen stiller eg meg sterkt kritisk til planane.

-Det vil bli en betydelig forringelse av verdien på min eiendom.

- Det vil medføre betydelig økning av trafikken opp til skytebanen som igjen vil medføre fartsøkning utover dagens «råkjøring» til tider.

-Betydelig mer støv på tørre årstider når vi sitter ute .

-Vi veit den dag i dag ikkje når det skal skytes på skytebanen noe som foringer mulighetene til å gå tur. Brått så er det røde flagget oppe uten forvarsel.

Samt at økt aktivitet vil medføre mer støy.

-Om det skulle gå så langt at dette skulle bli lovlig vedtatt så forlanger vi asfalt på vegen for å redusere støv og støy problemet som vil komme med økt aktivitet.

Samt et fartshinder for å redusere farten, da vi kommer til å ha med barnebarn på hytten i fremtiden og det vil utgjøre en stor fare for barn med økt trafikk.

Med vennlig hilsen

Kjell Ove Norheim (kommande arvtakar av eiendom 196/17)

Hamrane 5

5704 Voss

På vegne av Bjørg Norheim.